

Gunnhild Vassbø  
Vikesågata 42  
4389 Vikeså

**NVE - Konesjonsavdelinga,  
0301 OSLO**

### **Høyringsuttale til IVAR sin konsesjonssøknad om uttak av drikkevatt.**

Ivar har gjennomført konsekvensutgreiing for to vasskjelder, Birkelandsvatn i Bjerkreim og Store Myrvatn i Gjesdal kommune. Birkelandsvatnet kom best ut, for det ligg midt i bygda, og er lett å koma til, medan Store Myrvatn ligg inne i heia, og er dermed mykje dyrare å byggja ut. Så ein kan forstå at dei vel dette alternativet. Men for bønder i Bjerkreim kan det føra til store ulemper.

Under høyringsmøtet i Bjerkreim vart det frå IVAR sterkt understreka at dei har ikkje søkt om klausuleringar på gardsbruka rundt vatnet, for det blir ikkje nødvendig. Men bønder i Bjerkreim stoler ikkje på IVAR. Dei har levd med vatnuttak frå Romsvatn og Stølsvatn i 40 år, og opplevd at IVAR har stramma inn på restriksjonane rundt vatna gong etter gong. IVAR kan heller ikkje gi nokon garantiar, for dei og er underlagt høgare instansar og EU sitt vanndirektiv.

Store Myrvatn har like godt vatn som Birkelandsvatnet, det er berre kostnad på utbygginga som skil dei. Men Ivar er ei milliardbedrift med 13 eigarkommunar og 300 000 innbyggjarar, så det er mange å dela utgiftene på.

IVAR sitt nåverande drikkevatt kostar berre 0,8 øre pr. liter, og det er så billig at Stavanger kommune kan tillata at 40 % av det renn ut i røyrlekkasjar.

I Hå, ein av eigarkommunane, er det ei bedrift som har fått tillatelse til å bruka 100 000 m<sup>3</sup> drikkevatt årleg til kjøling av maskinar.

Dette viser at dei kan godt betala litt meir for vatnet, i staden for å ta det billigaste alternativet, og risikera å øydeleggja deler av næringsgrunnlaget i ein kommune som ikkje er medegar, og berre får ulemper av tiltaket.

Det er vel berre vassverk som kan oppføra seg slik -- Vera eigd av 13 kommunar, men likevel gå til ein liten nabokommune og forlanga gratis råvare til sin produksjon. Det burde vore lovfesta at kommunar bør finna drikkevatt innafor eigne grenser så langt det er råd, og at industrivatn skal betalast for.

Eg vonar at NVE ser problema dette kan skapa i Bjerkreim, og krev at IVAR tar vatn frå Store Myrvatn i Gjesdal i framtida.

Vikeså 24.02.2016

Med helsing

Gunnhild Vassbø.

